# Vekeplan for 7. trinn veke 15

| Tid | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| 08.30-09:30 | **2. påskedag**<br>Elevfri | **Norsk**<br>Lesekvart<br>Kameratvurdering | **Matte**<br>Å rekne prosent som brøkdelar | **Mat og helse**<br>Hugs hårstrikk og forkle | **Matte**<br>Å finne 1 % |
| 09:30-09:45 | | Fyfo | | | Fyfo |
| 09:45-10:40 |  | **Engelsk**<br> | **Norsk**<br>Kjelder-<br>med kritisk blikk |  | **Vekeslutt**<br>Vekas 4 |
| 10.40-11:30 | **Mat og midttime** | | | | |
| 11:30-12:30 | | **Stasjonsarbeid**<br>Med fokus på matematikk | **Naturfag**<br>Arvestoff og formering | **Stasjonsarbeid**<br>Med fokus på lesing og skriving | **Samfunnsfag**<br>Europa |
| 12:45-13:45 | | | **Timen Livet**<br> | | **Gym**<br>Hugs gymklede |
| 13:45-14:45 | | | **Leksegruppe**<br>**13:45-14:30** | | |
| | | **Slutt 13:15** | **Slutt 13:30** | **Slutt 13:30** | **Slutt 13:15** |

| Mattelekse til fredag | Engelsklekse til fredag | Norsklekse til fredag |
|---|---|---|
| Gjer oppgåver fra ark og skriv svara inn i matte lekseboka.<br> | Write one sentence for each word below in your homework book. Underline or mark the word in your sentence.<br><br>**own – other – old – right – big – high – different – small – large – next** | <u>Classroom</u><br><br>Gjer ferdig fagteksten din. Rett opp i skrivefeil, legg inn kjeldeliste og sjå over kommentarane som du har fått. |

## Informasjon heim.

Hei.

Håpar alle har hatt ein fin påskeferie.

Denne veka gjer vi oss ferdig med temaet kjelder i norsk. Vi skal gjere ferdig fagteksten vår, med korrekt kjelde tilvising og kjeldeliste. Elevane vil få litt tid på skulen, resten gjer dei i lekse.

På torsdag har vi mat og helse, så hugs å ta med forkle og hårstrikk.

I ein periode framover har vi samfunnsfag etter lunsj på fredagar. Vi startar på temaet Europa.

## Mål vi jobbar mot denne veka:

| | | |
|---|---|---|
| **Norsk**<br> | • Eg kan skrive ein fagtekst med tydeleg innleiing, hovuddel og avslutning.<br>• Eg kan bruke informasjon frå ulike kjelder når eg skriv fagtekst.<br>• Eg kan vurdere om ei kjelde er truverdig, og forklare kvifor eg vel å bruke ho.<br>• Eg kan vise til kjeldene eg har brukt, til dømes ved å skrive kvar eg har funne informasjonen.<br>• Eg kan lese gjennom teksten min og rette opp feil i rettskriving og teiknsetjing. | **Ekspertord**<br>- kjelde<br>- kjeldekritikk<br>- opphavsrett<br>- åndsverk<br>- plagiering<br>- nøkkelord |
| **Matte**<br> | • Eg kan beskrive endring med prosent, til dømes auke og nedgang.<br>• Eg kan rekne prosent som brøkdelar av ein heilskap.<br>• Eg kan finne 1 % av eit tal, og bruke det til å rekne ut andre prosentar. | **Matematiske ord**<br>- hundredel<br>- likeverdig brøk<br>- andel<br>- dobbel tallinje |
| **Engelsk** | • I can read and understand parts of a story.<br>• I can explain what the text is about.<br>• I can describe characters using English adjectives.<br>• I can write a short text inspired by the story.<br>• I can use English in conversations and role-play. | |
| **Naturfag** | • Eg kan forklare kva arvestoff er, og at det bestemmer eigenskapane våre.<br>• Eg kan forklare kvifor formering gjer oss ulike, sjølv om vi har foreldre.<br>• Eg kan gi døme på eigenskapar vi arvar, og korleis vi kan vere både like og ulike. | |
| **Sosialt arbeid**<br> | • Vi jobbar stille når vi skal jobbe.<br>• Vi lyttar når andre snakkar.<br>• Vi rekk opp handa og ventar på tur.<br>• Vi gjer vårt beste – både aleine og i gruppe.<br>• Vi er gode med kvarandre og bruker fine ord.<br>• Vi hjelper kvarandre når nokon treng det. | |